



Registrering av bygningar i Nordherad 2016-17

Del av kulturminneplan for Vågå kommune



Rapport av Håvard Syse, Gudbrandsdalsmusea AS

15.2.2017

Innhald

Formål/ bakgrunn for registreringane.....	2
Oppdatering SEFRAK.....	2
Avgrensing, kulturmiljø.....	2
Lokale særpreg.....	2
Korleis	3
Kva kom vi fram til, hovudprioritering, verdi-setjing	4
Kjelder:	5
Vedlegg	5

Formål/ bakgrunn for registreringane

Vågå kommune fekk tilskot frå Riksantikvaren, kr. 100.000, for å koma i gang med Kulturminneplan. Formålet er å ha oversikt over bygningar og bygningsmiljø for så å arbeide målretta med ivaretaking av dei.

Gudbrandsdalsmusea har teke på seg å registrere bygningar i Nordherad. Styringsgruppa er med å avgrenser og prioriterer.

Oppdatering SEFRAK

På 80-talet vart mange hus frå før 1850 registrerte i SEFRAK. Registeret er ikkje oppdatert, mange av husa er borte eller endra. Registreringane har kome inn i digitale kart med ein blå prikk, men er elles nærmast utilgjengelege.

Oppdaterte og tilgjengelege registreringar er eit godt hjelpemiddel ved kommunal og fylkeskommunal saksbehandling.

Registreringane vi gjer nå følgjer ei form som OFK bruker for å legge data inn i deira kartverktøy (InnlandsGis). Alle registreringane kjem inn i InnlandsGis, medan berre dei som har høg prioritet og blir politisk vedtekne som verneverdige kulturmiljø/ enkeltminne kjem inn i den nasjonale databasa til Riksantikvaren, Askeladden.

Avgrensing, kulturmiljø

Som ei avgrensing har vi valt å sjå på bygningane i eit gardsmiljø/ tun (kulturmiljø), det gjev oss ei oversikt utan å gå i detalj på kvar bygning.

Lov om kulturminne seier:

"§ 2. Kulturminner og kulturmiljøer - definisjoner.

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.

Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.

Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene.

Lokale særpreg

Kulturarv er eit ord som brukast mykje i høve kulturminne og lokalhistorie. Det er ei samlenemning for materiell og immateriell kulturarv (og naturarv). Det er ikkje regulert av noko lovverk, har ingen tidsavgrensingar (langt attende i tid eller dagsaktuelt) og er ofte å sjå på som noko felles, ein felles

kulturarv for mindre grupper eller heile samfunn. Det er såleis nært knytta opp mot identitet og tilhøyrighet.

Ein måte å forstå dette på er t.d. eit handverk, der kunnskapen om korleis det blir utført og brukt er den immaterielle kulturarven, medan gjenstanden i seg sjølv og reiskapen som er brukt for å framstille det er materiell kulturarv. Trevirket som er brukt er ein del av naturarven. Relevant i samanheng med bygningsregistreringa er kva type hus som er representert, bruken av bygningane og eventuelle lokale særdrag. Dette blir ofte sett på som ein del av lokalhistoria, lokale tradisjonar.

Korleis

Registreringa av kulturmiljø blir eitt kort samandrag av nå-situasjonen og korleis det har vore eller har utvikla seg. Den viktigaste kjelda er tunet og bygningane. Skrivne kjelder har og vorte undersøkt utan at det er gått spesielt djupt her.

Kvar registrering blir ført i eit program (Fulcrum), den blir kartfesta og nødvendige kriterier blir sett. Det er rom for særskilde kommentarar og foto. Svein Jetlund har hjelpt til med grensesnittet for programmet, Gudbrandsdalsmusea har brukt dette også i Midt-dalen (Kulturminneplan Fron og Gausdal) i år.

Inne i programmet vises alle registreringane som er gjort på kart og eller i liste. Kvar registrering kan skrivast ut.

For å få ei betre, samla oversikt har vi oppsummert i eit exel-ark med utbreiing og antal av ulike hustyper på dei ulike eigedomane.

Kva kom vi fram til, hovudprioritering, verdi-setjing

Målet vårt er å få ei betre oversikt over bygningar og bygningstyper. Er nokon spesielt utsett eller spesielt viktig å ta vare på?

Som eit hjelpemiddel i vurdering av aktuell miljøverdi har vi støtta oss på Riksantikvaren si tilråding «Verdisetting og verdivekting av kulturminner». I grove trekk har vi vurdert verneverdi på grunnlag av 3 kategoriar der vi bruker høg, middels eller låg.

Kunnskapsverdi/ historisk/ antikvarisk	Bygnings-, arkitektur-, næringshistorie, autentisitet
Opplevingsverdi/ landskapsverdi	Estetikk, handverk, symbol, identitet
Bruksverdi	Ressursutnytting, museal, formidling, næringsverdi

Det er eit ynskje at planen med prioriteringar skal gjennom politisk handsaming.

1 Freda objekt/ miljø	Automatisk freda, vedtaksfreda	Svært høg/ høg
2 Verneverdig objekt/ miljø	Anbefaler til politisk vedtak i kommune	Høg
3 Miljø	Som har enkeltobjekt av grad 1 eller 2, eller har høg verdi som miljø	Middels
4 Andre		Låg

Kwart kulturmiljø som er registrert har såleis fått ein vernegrad mellom 1-4. Kulturmiljø som allereie er freda, eller har hus som er freda har stort sett fått grad 1.

Gradering blir ein følgje av fleire eigenskapar og ei vekting av fleire kriterier, ein kan likevel ikkje sjå heilt bort frå at det også blir brukt ei form for objektivt skjønn, ei spegling av vår tids oppfatning om kulturminne.

Vi foreslår at opplista kulturmiljø i både vernegrad 1 og 2 får status som *verneverdig* gjennom eit politisk vedtak.

Vi bør da konkretisere verdiane ved desse (dei som ikkje alt er freda), og sørge for at vi på best mogleg måte kan ta vare på desse verdiane. Dei vil på litt sikt truleg stille sterkare i fordeling av tilskotsmidlar. Per i dag er det kun skille mellom freda og ikkje freda.

For dei kulturmiljøa som har fått grad 3, vil det kunne vere enkelthus som bør ha grad 1 eller 2 og dermed få status som verneverdige.

Sjølv om eit kulturmiljø får vernegrad 1 (fredningsverdig), betyr det ikkje at staden blir freda, men den har kvalitetar ein ønskjer å bidra til å ta vare på framover.

I tabell-oversikta er nokon hustyper skravert, det er dei som kanskje er mest utsett og i fare for å bli borte. Vi har nokon spesielle, slik som aurbustugu med ganske snever geografisk utbreiing, kanskje med hovudvekt i Vågå og Nordherad. Kvernhus er det få att av, dette gjeld heile landet. Likeeins utløper, bygningar eit stykkje frå tunet, ute av bruk og ikkje prioritert i vedlikehaldsarbeid. Smia og tørrstugu er også i faresona, mykje på grunn av at bruken er såpass redusert.

Enkelte hus er spesialisert for ein funksjon eller sesongavhengig bruk, det er kjent eitt «møyllhus», eitt heimkufjøs, ei mjølkebu, fåe mura bygg.

Mange gode tiltak er allereie gjort i Nordherad, stigar er merkt og rydda, spesielle stader er merka og omtala. Dette er viktige kulturmiljø og skapar ein heilskap. Heilskapen kan få ein høgare vernegrad enn dei enkelte tuna/ husa. For eksempel stigen over Tassmyrhaugen til Grevrusten som er innom fleire tun og enkelt-minne.

Det er tett mellom kulturminna i Nordherad, det er stort spenn i alder og mykje er godt ivareteke, rydda og registrert.

Arbeid og engasjement frå Nordheradsprosjektet og private vises og styrkast med tilføring av midlar gjennom Utvald kulturlandskap Nordherad.

Det er ein tendens til at uthus og småhus utanfor tunet blir skadelidande og kanskje bør få ekstra fokus, restaurering krev mykje både i tid og pengar og ofte er det fleire hus hjå same eigar.

For Gudbrandsdalsmusea AS

Håvard Syse

Lesja 28.9.2017

Kjelder:

Kulturhistorisk rapport nr. 4 2004. Oppland Fylkeskommune

Nordherad, av Knut Raastad. Årsskrift Vågå Historielag 2009.

Bygdebok for Vågå og Sel. Ivar Teigum, 2001.

Norske Gardsbruk, Oppland fylke band 6. 1998.

Vedlegg

-Oversikt eigedomar

-Oversikt over utbreiing av nokre hustyper

-Utskrift av registreringane

-Kart over området